



# Novelle med utgangspunkt i «Cordelia»

Kreativ skriving, forteljande skrivemåte

Bruk oppbygging av sjangeren *novelle* som mal når du skal forme om teikneserien «Cordelia» til skriftleg tekst: Innleiing, prosjekt, konflikt, spenning med spenningstopp, vendepunkt, evt. ny spenningstopp, nytt vendepunkt (evt. fleire) og så kjem slutten med ei løysing, eller kanskje vil du lage ein open slutt? Mange noveller har ein overraskande slutt.

Det blir stilt litt større krav til ei novelle enn det blir til ei forteljning. I ei novelle skal språket vere fortetta, forfattaren seier noko utan å seie det rett ut, og lesaren må ofte lese mellom linjene for å forstå kva novella eigentleg handlar om.

## Grep du kan bruke

**KOMPOSISJON:** Ei novelle kan vere *kronologisk* eller ho kan starte *in medias res*.

**SYNSVINKEL:** Bestem deg for kven som skal ha synsvinkelen. Vil du at det som skjer skal sjåast gjennom blikket til Cordelia, til Anastasia, til ein allvetande forteljar, eller kanskje skal det vere Nøkken som fortel novella? Du bestemmer.

**UTVID AUGEBLIKKET:** Skildre ei enkelt hending eller scene svært grundig.

**LEGG INN FRAMPEIK:** Legg inn eit hint om at noko kjem til å skje i framtida.

**RETROSPEKTIV FORTELJARTEKNIKK:** Delar av teksten gir eit tilbakeblikk på noko som har hendt tidlegare.

**PARALLELLHANDLINGAR:** To eller fleire handlingar blir fortalde ved sida av kvarandre.

Bruk språklege verkemiddel som for eksempel antonym. Det er ord som er motsette av kvarandre, og du kan bruke dei til å lage kontrast: gammel – ung, glad – sur, lys – mørk, død – levande, kald – varm, blid – hissig, redd – trygg.

Du kan også bruke verkemiddel som: oppatt-taking, samanlikning, metaforar, personifikasjon og besjeling.

## Forslag til skrivestartarar

Cordelia går ut i skogen for å ...

Dagen er lys og vakker, og sola skin der ...

Blå blomar og blå fuglar ...

Cordelia plukkar korga si ...

Cordelia Grønhette ...

### **Skriv først tekst til kvar rute og lag så ei novelle ut frå dette**

Studer kvar teikning og bruken av verkemiddel i kvar rute nøye. Nummerer gjerne kvar rute og bruk nummeret i dokumentet der du skriv teksten. Sjå på for eksempel fargebruk, linjer, lydar, nærbilete, totalbilete, framgrunn, bakgrunn, ansiktsuttrykk, form på snakkebobler og meir.

Som førearbeid til skrivinga av sjølvve teksten/novella, kan du lage setningar til kvar rute. Det kan hende at du må slå saman fleire ruter og lage berre ei setning eller to til fleire bilete samla, eller det kan hende at du må skrive eit heilt avsnitt til berre eitt av bileta. Dette må du vurdere sjølv, ut frå kompleksiteten i bileta. Lag så ein samanhengande tekst ut frå dette, der du brukar oppbygginga av ei novelle som mal for den ferdige teksten.

Når du går frå bilete til skrift, opnar og avgrensar du teksten på ulike måtar. Om du ikkje skildrar korleis hovudpersonen ser ut, vert til dømes den delen av teksten meir open for tolking for lesaren enn han var i teikneserien. Og når du skriv kva som hender og korleis ting ser ut, er du med på å avgrense og styre korleis lesaren tolkar ting som kan hende var meir opne i teikneserien. Kva du opnar og avgrensar for lesaren, har mykje å seie for korleis leseopplevinga vert. Kva detaljar bør med for å setje lesaren i den rette stemninga? Kva må med for at lesaren skal skjønne kva som går føre seg? Kva bør vere ope for tolking for lesaren?

### **Ordbank**

SUBSTANTIV: blåtur, inspirasjon, harmoni, lærdom, kronhjort, gevir, fabeldyr, dauding, openberring, synkverving, skodde, mørke

ADJEKTIV OG ADVERB: himmelblå, roseraud, beksvart, usikker, blodig, urovekkande, illevarslande, skjebnesvanger, engsteleg

VERB: rømme, mørklegge, styrte, hallusinere

### **Å gjere teksten ferdig**

Når du er ferdig med å lage tekst til alle rutene, kopierer du teksten over til eit eige dokument slik at det blir til ein samanhengande tekst. Når du les gjennom det du har skrive, kan det hende at du finn ut at du vil endre litt på teksten din, for eksempel for å få han til å henge betre saman.

Til det brukar du samanbindande ord som *faktisk, nemleg, rett nok, og, men, liksom, derfor, fordi, sidan, dessutan, som, dermed, til slutt, endå, trass i at* og mange, mange fleire.

Lag gjerne ei ny overskrift til forteljinga di sjølv, slik

..... (overskrift)

av .....(namnet ditt)

(Fritt etter «Cordelia» av Johanne Eikå Bergill. Frå Bobler frå djupet. Nynorsksenteret. 2018.)